

Fiskeridirektoratet
postmottak@fiskeridir.no

SAK 29/25
REGULERING AV FISKET ETTER ØYEPÅL
INNSPEL FRÅ PELAGISK FORENING

Som kjent var det ikkje direktefiske etter øyepål i 2025. Dette pga. bestands situasjonen. Per i dag er det ikkje gjeve kvoteråd for 2026.

Dersom det blir opna for direktefiske etter øyepål i 2026 ønsker Pelagisk Forening at reguleringa for 2024 blir vidareført.

Som kjent er det ein bifangstkvote, i 2025, på 2 500 tonn.

Dersom det ikkje blir direktefiskeri i 2026 ønsker Pelagisk Forening at gjeldande bifangstreglar blir vidareført, jf. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2024-12-19-3490>

Pelagisk Forening ber òg om at direktoratet gjer greie for kor mykje øyepål som er registrert i industrifangstar no når det er nye reglar for prøvetaking, jf. <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2023-08-08-1311>

Dersom det blir direktefiske bør det tillatast større innblanding av hysa og kviting.

Bergen: 15.10.25.

Pelagisk Forening/
Pelagisk Servicekontor AS



Ask Økland
Advokat



Mariann Frantsen
Dagleg leiar